

HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



HANDLINGS- PLAN

2015 – 2018



INNLEIING

I handlingsplanen for tidsrommet 2015-2018 har ein teke utgangspunkt i den føregåande plan og utvikla den vidare.

Innanfor dei tre områda aktivitet, økonomi og administrasjon/organisasjon har styret fastsett hovudmål, definert delmål og sett opp tiltak for å nå måla.

Handlingsplan er meint å vere eit arbeidsverktøy for å drive Hafslø Idrettslag best mogeleg ut frå dei fastsette hovudmåla.

Styret

HOVUDSTYRET

1. AKTIVITET

HOVUDMÅL:

Hafslo IL skal gi eit tilbod til den einskilde utøvar ut i frå føresetnad og ambisjonar.

Aktivitetar i regi av laget skal ha både fagleg og sosialt innhald.

Hafslo IL skal i hovudsak drive breiddeidrett, men samstundes leggje forholda til rette både for spesialisert satsing for å få fram gode lag eller einskildutøvarar når grunnlaget er til stades.

Hafslo IL vil og bidra til tilbod om uorganisert aktivitet.

DELMÅL:

- Aktivitetstilbod til alle
- Auke tal aktive trenarar med utdanning utover grunnutdanning.
- Samarbeid med andre lag og organisasjonar.

Pluss-sider:

- Tilbod innanfor mange idrettar og aktivitetar.
- Aktive medlemmer.
- God tilgang på anlegg.
- Stor dugnadsinnsats.
- Tilgang på aktivitetsleiarar i dei fleste greinene
- Kontinuitet blant dei tillitsvalde.

Utfordringar:

- Redusere fråfallet i aldersgruppa 15 – 19 år.
- Arbeide for å tilby aktivitetar innanfor idrettslaget sine hovudmål.
- For få aktive trenarar med utdanning utover grunnutdanning.
- Holde god standard på idrettsanlegga

Tiltak:

- Rekruttere ungdom til tillitsverv.
- Støtte uorganiserte aktivitetar
- Bidra til at enkeltutøvarar kan fortsetje å drive idrett på høgare nivå.
- Utvikle tilboden innanfor dei særgruppene som ein har i dag.
- Legge til rette for trenarutdanning/kurs
- Godt vedlikehald av anlegga i Moane og ved skulen
- Delta i utviklinga av skianlegget på Sogn skisenter
- Bruke idrettsrådet som samarbeidsorgan i kommunen.

2. ØKONOMI

HOVUDMÅL:

God økonomistyring, slik at ein kan gi medlemmane eit aktivitetstilbod i tråd med dei hovudmåla som gjeld for idrettslaget sine aktivitetar.

DELMÅL:

- Auka medlemstalet i laget i planperioden
- Oppretthalde dugnadsinnsatsen i laget.
- Arbeide aktivt for å oppretthalde gratis tilgang til kommunale bygg og anlegg.
- Aktiv innsats for å auke inntektene frå næringslivet.

Pluss-sider:

- Låge medlemsavgifter og treningsavgifter
- Solid inntektskjelde i Lerum-cup.
- God støtte frå næringsliv/sponsorar.
- Gode tilskotsordningar frå kommune og idrettskrins.

Utfordringar:

- Oppretthalde gratis bruk av kommunale bygg og anlegg.
- Økonomistyring.
- Rapportering av aktivitet frå særgrupper.
- Samsvar mellom budsjett og rekneskap i særgrupper.

Tiltak:

- Informere medlemane om kor viktig dugnadsinnsatsen er for Hafslo Idrettslag.
- Jobbe målretta for å oppretthalde og utvikle samarbeidet med noverande sponsorar.
- Jobbe målretta for å skaffe nye sponsorar.
- Utvikle samarbeidet med Luster idrettsråd som samarbeidsorgan i kommunen.
- Aktiv medlemsverving

3. ADMINISTRASJON/ORGANISASJON

HOVUDMÅL:

Ha ein målretta handlingsplan som eit godt styringsverktøy for laget.

Pluss-sider:

- Mange dyktige tillitsvalde.
- Aktivt styre og aktive særgrupper.
- God intern og ekstern informasjonsflyt.

Utfordringar:

- Rekruttering av nye tillitsvalde.

Tiltak:

- Arbeide aktivt med rekruttering av tillitsvalde.
- Handlingsplan i kvar særgruppe med tydeleg arbeids- og ansvarsfordeling.
- Samle og gjere tilgjengeleg Hafslo Idrettslag sine styringsdokument for alle tillitsvalgte.
- Vedlikehalde og utvikle ei informativ heimeside

FOTBALLGRUPPA

HOVUDMÅL: At alle som ynskjer det, skal kunne ta del i fotballaktivitet under stor grad av trivsel.

DELMÅL

- Utvikle klubben og spelarane i positiv retning.
- Stille lag i alle årsklasser.
- Bidra til eit godt og breitt samarbeid mellom gruppene i laget, for å gje barna/ungdommen vår eit heilskapleg og allsidig aktivitetstilbod.
- Stimulere til auka fysisk aktivitet for alle, også for dei som ikkje er med på dei organiserte tilboda til idrettslaget.

Plussider

- Stor aktivitet på miniputt/lilleputt/smågut/småjente og på gut-/ jente- og damesida
- Godt sosialt miljø
- Gode haldningar
- Foreldre tek ansvar og tek på seg trenar- og oppmannsoppgåver
- Gode anlegg
- God økonomi
- Mange foreldre er med og yter dugnad

Utfordringer

- Litt fråfall på gut-/jentenivå
- Færre ynskjer delta på organisert aktivitet
- Laget treng å utdanne fleire dommarar
- Laget treng å utdanne fleire trenarar
- Dårleg rekruttering til seniorlaget

Tiltak:

- Stille lag i alle aldersgrupper. Først og fremst i eigen klubb, dersom det ikkje går, søke samarbeid med andre klubbar
- Min. 2 trenarar pr. aldersfastlagd lag og miniputtlag
- Kartleggja behov/ynskje i trenargruppa om kompetanseheving og erfaringsutveksling
- Oppmode foreldra til å vere oppmenn og trenarar
- Saman med andre grupper organisere og koordinere aktivitetar – for å unngå konflikt og kamp om dei same deltakarane.
- Fotballgruppa er open for utvida bruk av anlegg

2. ØKONOMI

HOVUDMÅL: Ha ein tilstrekkeleg økonomi til å gje eit attraktivt aktivitetstilbod til medlemmane.

DELMÅL:

- Auke inntektene.
- Auka tilskot.

Plussider:

- God dugnadsinnsats.

Tiltak:

- Jobba for å auke inntekt/tilskot til gruppa.
- Dugnad.

3. ADMINISTRASJON/ORGANISASJON

Plussider:

- Aktive medlemmer i gruppa
- Positive til samarbeid med dei andre særgruppene.

Utfordringar:

- Rekruttering av nye medlemmer i gruppa.

Tiltak:

- Arbeide aktivt med rekruttering av medlemmer til gruppa.
- Ha tydeleg arbeids- og ansvarsfordeling for medlemmene i gruppa.
- Arbeida for eit godt samarbeid med dei andre særgruppene.

BARNEIDRETTSGRUPPA

1. AKTIVITET

HOVUDMÅL:

HIL vil gje eit heilårleg tilbod til barn.

HIL skal gje eit allsidig tilbod i samsvar med ”Bestemmelser om barneidrett” til aldersgruppa 6-11 år gjennom ein idrettsskule.

Idrettsskulen skal gje eit variert og allsidig tilbod om idrett og leik tilpassa alder. Den skal inkludere sosiale samkomme, og ha låg medlemskontingent.

HIL vil gje eit tilbod om leik i gymsal og andre sosiale aktivitetar til barn 0-5 år.

DELMÅL:

- Oppretthalde godt samarbeid med særgruppene.
- Meir bruk av erfarne instruktørar innan ulike idrettar er ynskjeleg.
- Særgruppene har ansvar for gymsalaktivitetar og eigen sesongidrett for born 6-11 år.

Plussider:

- HIL har eit allsidig og heilårleg tilbod til barn mellom 6 og 11 år gjennom idrettsskulen
- Eigne tilbod til dei eldste der lokale aktivitetar vert introduserte samt tilbod andre stader i kommunen (skyting, bading i Gaupne, klatring i Skjolden)
- Idrettsskulen har faste sosiale treff fleire gonger i idrettsskuleåret. Sosialkveldane er varierte både i form og innhald
- Idrettsskulen har ikkje medlemskontingent og har god deltaking frå Hafslo-området
- Mange foreldre er positive til dugnadsarbeid som medhjelparar på aktivitetar, loddsal, verving og kakebaking.
- Det er jamnleg tilbod om kurs for instruktørar
- Stabilt høgt medlemstal og aktive deltakarar

Utfordringar:

- Ikkje så lett å få gode instruktørar i alle idrettsgreiner. Nokon instruktørar vert for kostbare for idrettsskulen.
- Nokon av særgruppene har eigne aktivitetar til dei yngste ungane same periode som idrettsskulen. Bør ha tettare samarbeid om ulike aktivitetar

Tiltak:

- Lage årshjul for barneidretten – langsiktig plan for å sikre variert og allsidig aktivitet. Fokus på utvikling av grovmotoriske eigenskapar for dei yngste, og introduksjon til ulike særidrettar for dei eldste
- Inspirere og motivere foreldre og andre friviljuge til instruktøroppgåver gjennom kurs og inspirasjonssamlinga

2. ØKONOMI

HOVUDMÅL: Ha ei god økonomistyring, slik at ein kan kjøpe inn aktuelt utstyr ein treng til ulike aktivitetar og sosiale tilstellingar

DELMÅL:

- Oppretthalde/auke antal deltagarar på idrettsskulen.
- Oppretthalde dugnadsinnsatsen

Plussider:

- Lite utgifter

Utfordringar:

- Ingen medlemsavgift gir liten inntening til gruppa. Har lite ”eigne” inntekter og er avhengig av tilskot frå styret og andre for å kunne kjøpe inn utstyr

Tiltak:

- Arbeide aktivt med å oppretthalde antal aktive deltagarar på idrettsskulen
- Ynskjeleg å kunne spare pengar ”på bok” for å kunne kjøpe dyrare utstyr

3. ADMINISTRASJON/ORGANISASJON

HOVUDMÅL: Ha ein målretta handlingsplan og eit årshjul som gode styringsverktøy for barneidrettsgruppa

Plussider:

- Aktive og engasjerte medlemmar i gruppa
- Særgruppene er positive til samarbeid
- Organiseringa av barneidretten i HIL er god! Særgruppene planlegg og samarbeidar om alle aktivitetar for barn under 12 år ved hjelp av eit årshjul

Utfordringar:

- Rekruttering av nye medlemmar til gruppa
- Samarbeid mellom barneidrettsgruppa og særgruppene så ikkje det vert for mange aktivitetar for dei yngste ungane og det blir ”konkurranse” om dei same ungane frå ulike særgrupper

Tiltak:

- Arbeide aktivt med rekruttering av medlemmar til barneidrettsgruppa
- Alle særgrupper skal ifølgje retningslinjene for barneidrett ha eit medlem som er ansvarleg for barneidrettsaktivitetar – lettar samarbeidet mellom barneidrettsgruppa og særgruppene
- Tydeleg arbeids- og ansvarsfordeling for medlemmane i gruppa.

TRIMGRUPPA

1. AKTIVITET

HOVUDMÅL:

Trimgruppa i Hafslo IL skal gi eit uorganisert tilbod til medlemmane i idrettslaget. Tilboden med trimbøker og andre arrangement skal stimulerer til aktivitet.

DELMÅL:

- Ha trimbøker på ulike stader som stimulerer medlemmane i alle aldersgrupper til aktivitet gjennom året.
- Samarbeide med andre grupper i idrettslaget m.a. om skicupen og ”damebad’l”.
- Vere eit tilbod til medlemmar som ikkje er aktive i andre særgrupper i idrettslaget.

2. ØKONOMI

HOVUDMÅL:

Ha ein deltakarkontingent som dekker utgiftene til drift og premierung.

3. ADMINISTRASJON/ORGANISASJON

HOVUDMÅL:

Ha eit gruppestyre med medlemmar frå ulike bygder innanfor idrettslaget sitt område, samt i ulik alder og frå begge kjønn.

HOPP

1. AKTIVITET

HOVUDMÅL: Gi eit aktivitetstilbod til alle som ynskjer å hoppa på ski.
Leggja forholda til rette for dei som ynskjer å satsa aktivt.

DELMÅL:

- Behalde flest mogleg i aldersgruppa 15-19 år
- Få med fleire trenarar.
- Få til eit godt samarbeid med dei andre skigruppene i kommunen

Plussider:

- Nærleiken til Sogn Skisenter som har eit alsidig anlegg både for trening og læring.
- Positiv rekruttering i yngre årsklassar.
- Mange ivrige og hjelsame foreldre som stiller til køyring, trening, dugnad, arrangement/skirenn.
- Godt samarbeid med dei andre grupper i Luster kommune/Sogn

Utfordringar:

- Få med fleire i aldersgruppa 10 – 14 år.
- Behalde flest mogeleg i aldersgruppa 15 – 19 år.
- Få fleire til å ta trenarkurs.

Tiltak:

- Gi eit tilbod til alle som vil hoppe på ski.
- Leggja til rette for utdanning av fleire instruktørar/trenarar.
- Samarbeid med dei andre skigruppene i laget om skiaktivitetar på Heggmyrane.
- Samarbeid med barneidrettsgruppa og trimgruppa når det gjeld trim og skileik.
- Leggja til rette slik at fleire i alle aldra og på alle nivå vil vera med på cupen, sonerenn, krinsrenn.
- Arrangere smørjekurs.
- Arrangere treningsamlingar på barmark/snø for alle aldersgrupper for å trene i lag og få til eit sosialt miljø.
- Leggja til rette for felles trening med dei andre grupper i Luster kommune/Sogn
- Satsa på eit utvida samarbeid med dei andre idrettslagene i Indre Sogn.
- Vera med å leggja til rette for gode treningsforhold på Heggmyrane/Kvamsbakkane.

2. ØKONOMI

HOVUDMÅL: Ha ein tilstrekkeleg økonomi til å gje eit attraktivt aktivitetstilbod til medlemmane.

DELMÅL:

- Auke inntektene.
- Auka tilskot.

Plussider:

- God dugnadsinnsats.

Utfordringar:

- Eigne inntekter er for små i høve ønska aktivitet i laget.
- Få større inntekter ut av arrangementa våre.

Tiltak:

- Jobba for å auke inntekt/tilskot til gruppa.
- Gjera endringar på treningsavgift/deltakaravgift
- Dugnadsinnsats.

LANGRENN

1. AKTIVITET

HOVUDMÅL: Gi eit aktivitetstilbod til alle som ynskjer å gå på ski.
Leggja forholda til rette for dei som ynskjer å satsa aktivt.

DELMÅL:

- Behalde flest mogleg i aldersgruppa 15-19 år
- Få med fleire trenarar.
- Få til eit godt samarbeid med dei andre skigruppene i kommunen
- Få til eit godt samarbeid med skigruppene i regionen

Plussider:

- Nærleiken til Sogn Skisenter som har eit godt langrennsanlegg både for trening og konkurranse.
- Positiv rekruttering i yngre årsklassar.
- Mange ivrige og hjelsame foreldre som stiller til køyring, trening, dugnad, arrangement/skirenn.
- Godt samarbeid med dei andre langrennsgruppene i Luster Kommune.

Utfordringar:

- Få med fleire i aldersgruppa 10 – 14 år.
- Behalde flest mogeleg i aldersgruppa 15 – 19 år.
- Få fleire til å ta trenarkurs.

Tiltak:

- Gi eit tilbod til alle som vil gå på ski, både aktivt og trim.
- Leggja til rette for utdanning av fleire instruktørar/trenarar.
- Samarbeid med dei andre skigruppene i laget om skiaktivitetar på Heggmyrane.
- Samarbeid med barneidrettsgruppa og trimgruppa når det gjeld trim og skileik.
- Leggja til rette slik at fleire i alle aldra og på alle nivå vil vera med på onsdagcupen, sonerenn, krinsrenn og turrenn.
- Arrangere smørjekurs.
- Arrangere treningsamlingar på barmark/snø for alle aldersgrupper for å tren i lag og få til eit sosialt miljø.
- Leggja til rette for felles trening med dei andre langrennsgruppene i Luster Kommune.
- Satsa på eit utvida samarbeid med dei andre idrettslagene i Indre Sogn.
- Vera med å leggja til rette for gode treningsforhold i løypene på Heggmyrane.

2. ØKONOMI

HOVUDMÅL: Ha ein tilstrekkeleg økonomi til å gje eit attraktivt aktivitetstilbod til medlemmane.

DELMÅL:

- Auke inntektene.
- Auka tilskot.

Plussider:

- God dugnadsinnsats.

Utfordringar:

- Eigne inntekter er for små i høve ønska aktivitet i laget.
- Få større inntekter ut av arrangementa våre.
- Innkjøp av tidskarutstyr

Tiltak:

- Jobba for å auke inntekt/tilskot til gruppa.
- Gjera endringar på treningsavgift/deltakaravgift
- Dugnadsinnsats.

3. ADMINISTRASJON/ORGANISASJON

HOVUDMÅL: Ha ein målretta handlingsplan som eit godt styringsverktøy for gruppa.

Plussider:

- Aktive medlemmer i gruppa
- Positive til samarbeid med dei andre særgruppene.
- Positive til samarbeid med dei andre langrennsgruppene i kommunen.
- Godt samarbeid med Sogn Skisenter.

Utfordringar:

- Rekruttering av nye medlemmer i gruppa.
- Samarbeide med dei andre særgruppene.
- Samarbeide med dei andre langrennsgruppene i kommunen.

Tiltak:

- Arbeide aktivt med rekruttering av medlemmer til gruppa.
- Ha tydeleg arbeids- og ansvarsfordeling for medlemmene i gruppa.
- Arbeida for eit godt samarbeid med dei andre særgruppene.
- Utvikle samarbeidet, og få til felles aktivitetar med dei andre langrennsgruppene i kommunen.
- Bidra i utviklinga av langrennsanlegga ved Sogn Skisenter

ALPIN

1. AKTIVITET

HOVUDMÅL: Gje best mogeleg tilbod til dei som driv med alpine aktivitetar.

DELMÅL:

- Å auke kvaliteten på aktivitetane, noko som vil stimulere rekruttering og interessa for alpinsporten.
- Tilrettelegge for utøvarar slik at dei har eit grunnlag for å kunne hevde seg på nasjonale renn.
- Auka samarbeidet med andre grupper i eige lag for å auke aktiviteten og interessa for skiidretten, samtidig opprette kontakt og samarbeid med andre lag i Sogn.

Plussider:

- Sogn Skisenter har eit godt tilrettelagt anlegg med snøproduksjon, og er imøtekommende og fleksible angåande trening i anlegget.
- Sogn Skisenter har i dag ein hovudheis og ein barneheis, samt ein Juniorheis
- Har vore bra deltaking på Fjord1CUP
- Fleire i gruppa har T1 trenarkurs
- HIL har eit nytt rennkontor og staurlager på Sogn Skisenter

Utfordringar:

- For mykje fråfall i aldersgruppa 14-19år
- Ingen i gruppa med T2 trenarkurs

Tiltak:

- HIL må rekruttere trenarar i eigne rekker.
- Stimulere foreldra til å vere ”deltakande”.
- Lage felles aktivitetar på Sogn Skisenter.
- Opprette kontakt med andre alpingrupper i Sogn.
- Tilrettelegge endå betre for å få utøvarane til å fortsette etter dei er 15år.
- Optimalt samarbeid med Sogn Skisenter .

2. ØKONOMI

HOVUDMÅL: Ha ein tilstrekkeleg økonomi til å gje eit attraktivt aktivitetstilbod til medlemmane.

DELMÅL:

- Auke inntektene.
- Auka tilskot.

Plussider:

- God dugnadsinnsats.

Utfordringar:

- Eigne inntekter er for små i høve ønska aktivitet i laget.
- Få større inntekter ut av arrangementa våre.

Tiltak:

- Jobba for å auke inntekt/tilskot til gruppa.
- Gjera endringar på treningsavgift/deltakaravgift
- Dugnadsinnsats.

3. ADMINISTRASJON/ORGANISASJON

HOVUDMÅL: Ha ein målretta handlingsplan som eit godt styringsverktøy for gruppa.

Plussider:

- Aktive medlemmer i gruppa
- Positive til samarbeid med dei andre særgruppene.
- Godt samarbeid med Sogn Skisenter.

Utfordringar:

- Rekruttering av nye medlemmer i gruppa.
- Samarbeide med dei andre særgruppene.
- Samarbeide med andre alpin grupper i Sogn.

Tiltak:

- Arbeide aktivt med rekruttering av medlemmer til gruppa.
- Ha tydeleg arbeids- og ansvarsfordeling for medlemmene i gruppa.
- Arbeida for eit godt samarbeid med dei andre særgruppene.
- Bidra i utviklinga ved Sogn Skisenter

ORIENTERINGSGRUPPA

1. AKTIVITET

HOVUDMÅL: Gi eit aktivitetstilbod til alle som ynskjer å drive med orientering.

DELMÅL:

- Behalde utøvarar i alderen 15-19 år
- Få deltakarar på trenarutdanning.
- Halde fram med samarbeid med andre særgrupper i Hil, krets og andre klubbar.
- Halde aktivitetsnivået i alderen 6-10 år.
- Få 1-2 nye løypeleggarar.

Plussider:

- Mange barn i alderen 6-10 år har eit tilbod
- Aktive medlemmer.
- Kontinuerleg arbeid på anleggssida.
- Stor dugnadsinnsats.
- Kontinuitet blant dei tillitsvalde.

Utfordringar:

- Auke aktiviteten i alderen 11 år og eldre.
- Auke antal løypeleggarar
- Drift av anlegg

Tiltak:

- Vedlikehald av anlegg.
- Bidra til at enkeltutøvarar kan fortsetje å drive idrett på høgare nivå.
- Få fleire til å verta løypeleggarar. Motivere uerfarne til å assistere dei med erfaring slik at fleier på sikt kan leggje løyper sjølv.
- Halde aktiviteten oppe på dagens nivå

2. ØKONOMI

HOVUDMÅL: Ha ein tilstrekkeleg økonomi til å løyse anleggssituasjonen og gje eit attraktivt aktivitetstilbod til medlemmane.

DELMÅL:

- Auke inntektene noko.

Plussider:

- God dugnadssinnsats.
- Når først karta er på plass, er o-idrett ein rimeleg idrett å drive. Gruppa er såleis ikkje avhengig av store inntekter for å skapa aktivitet.

Utfordringar:

- Å rekruttere nye tillitsvalde

Tiltak:

- Felles treningsavgift i HIL , løyser o-gruppa sine økonomiske behov
- Dugnadssinnsats.


3. ADMINISTRASJON/ORGANISASJON

HOVUDMÅL: Fylgje tiltaksplanen som o-gruppa har laga i 2010. Bruke revidering av tiltaksplanen som arbeidsverktøy med tanke på administrasjon og fordeling av arbeidsoppgåver.

Tiltak:

- Arbeide aktivt med rekruttering av tillitsvalde.
- Kontinuerleg vedlikehald av anlegg (kart).

Stillingsinstruks for medlemmar i Hafslo IL sitt styre, og administrativ organisering av Hafslo IL



Det vert helde styremøte i Hafslo IL i januar- februar-april-juni-september-november. I tillegg kan det kallast inn til ekstra styremøte i samsvar med reglementet gitt av lovnorma for idrettslag. Styre held møte med gruppeleiarane i særgruppene i Hafslo IL i mars-mai-august-oktober-desember. Det er styre som er det øverste organ mellom årsmøta og som leier og forpliktar laget. Det vert elles vist til lovnorma for idrettslag og Hafslo IL sine vedtekter.

Styre i Hafslo IL er samansett av desse verva:

- Leiar
- Nestleiar
- Sekretær
- Kasserar
- Styremedlem 1
- Styremedlem 2
- 1.varamedlem (fast møtande medlem, utan stemmerett)
- 2.varamedlem

Arbeidsoppgåver og ansvar i styre er fordelt slik:

Leiar:

- kalle inn til årsmøte, medlemsmøte og styremøte
- kontakt med overordna organ innan idrett og offentleg verksemd
- samordne all drift
- representere laget
- kontakt med valnemnda
- plikter i samsvar med vedtekene til HIL
- ha kontakt med hovedsponsorer og forhandle sponsoravtalar

- oppfølging av fristar for søknader og rapportering til kommune, krins og forbund
- ansvar for utarbeiding av årsmelding, revidering av handlingsplan og anleggsplan.

Nestleiar:

- ivareta leiaren sine oppgåver i den sitt fråvær
- utføre delegerte oppgåver frå leiar
- utdanningskontakt
- pådrivar for å få til kursverksemnd
- repr idrettslaget i idrettsrådet
- ansvarleg for laget si heimeside

Sekretær:

- føre møtebok
- sende ut referat
- arkivere referat ifrå møta pr år på minnepenn
- sende rapportar til overordna organ

Kasserar:

- sende bilag til rekneskapskontor, betale rekningar og ha kontakt med Sogn reknskapskontor
- medlemskartotek
- økonomisk oversikt
- sende søknad om kommunale tilskot/andre tilskot saman med leiar

Styremedlem 1:

- leiар av økonominemnda
- ansvar for haustmarknaden
- ha kontakt med sponsorar og forhandle sponsoravtalar

Styremedlem 2:

- materialforvaltar
- medlemsverving
- fordele tider i gymsalen

1.varamedlem:

- administrere klubbeffektar med Sportsbui Gaupne